

Planskildring:

# DETALJREGULERING FOR SKUTEVIKA

Reguleringsplan for gnr. 38, bnr. 2 m.fl., Masfjorden kommune

PlanID: 4634 2023 001



Prosjekt nummer..... 2023044  
Dokument nummer.....01  
Rev. nr.....A  
Dato.....11.04.2024  
Revidert.....  
Rapport antal sider.....45  
Utarbeidd.....ANR  
Kontrollert.....PKT

# Innleiing

|          |   |           |
|----------|---|-----------|
| <b>1</b> | <b>INNLEIING</b> .....  | <b>6</b>  |
| 1.1      | BAKGRUNN OG INTENSJON .....   | 6         |
| 1.2      | NØKKELOPPLYSINGAR .....   | 6         |
| <b>2</b> | <b>PLANSTATUS OG RAMMEVILKÅR</b> .....  | <b>6</b>  |
| 2.1      | GJELDANDE PLANSTATUS .....  | 6         |
| 2.1.1    | <i>Kommuneplan</i> .....  | 6         |
| 2.1.2    | <i>Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland</i> .....            | 7         |
| 2.1.3    | <i>Reguleringsplan</i> .....  | 7         |
| 2.1.4    | <i>Nærliggande reguleringsplanar</i> .....                                    | 7         |
| 2.2      | RIKSPOLITISKE RETNINGSLINJER OG STATLEGE PLANRETNINGSLINJER.....              | 8         |
| 2.3      | PLANPROSESS .....   | 9         |
| 2.3.1    | <i>Oppstart</i> .....   | 9         |
| 2.3.2    | <i>Medverknad</i> .....   | 9         |
| 2.3.3    | <i>Justering av plangrensa</i> .....  | 9         |
| <b>3</b> | <b>SKILDRING AV PLANOMRÅDET</b> .....   | <b>11</b> |
| 3.1      | PLANOMRÅDET OG LOKALISERING .....   | 11        |
| 3.2      | AREALBRUK .....   | 13        |
| 3.3      | STADENS KARAKTER OG LANDSKAP .....  | 15        |
| 3.4      | VEG, TRAFIKKTILHØVE OG TILKOMST .....   | 15        |
| 3.5      | STØY .....  | 16        |
| 3.6      | OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/KOLLEKTIVDEKNING .....                                | 17        |
| 3.7      | SERVICE OG OFFENTLEGE TENESTER .....  | 17        |
| 3.8      | VATN OG AVLAUP.....   | 18        |
| 3.9      | SOLTILHØVE.....   | 18        |
| 3.10     | KULTURMINNE OG KULTURMILJØ.....   | 18        |
| 3.11     | NATURMANGFALD .....   | 18        |
| 3.12     | GEOLOGISK GRUNNTILHØVE.....   | 19        |
| 3.13     | LANDBRUK .....  | 21        |
| 3.14     | FRILUFTSLIV OG REKREASJON.....  | 21        |
| 3.15     | BARN OG UNGE SINE INTERESSER .....  | 21        |
| 3.16     | UNIVERSELL UTFORMING.....   | 21        |
| 3.17     | VURDERING AV KONSEKVENsutGREIING IHHT. FORSKRIFT OM KONSEKVENsutREDNING ..... | 22        |
| 3.17.1   | <i>Innleiing</i> .....  | 22        |
| 3.17.2   | <i>Vurdering etter §6 første ledd</i> .....                                   | 22        |
| 3.17.3   | <i>Vurdering etter §7 første ledd</i> .....                                   | 23        |
| 3.17.4   | <i>Vurdering etter §8</i> .....   | 23        |
| <b>4</b> | <b>SKILDRING AV PLANFORSLAGET</b> .....                                       | <b>28</b> |
| 4.1      | REGULERINGSFØREMÅL.....   | 29        |
| 4.2      | BYGGE- OG ANLEGGSFØREMÅL .....  | 29        |
| 4.2.1    | <i>Næringsbygningar – BN</i> .....  | 29        |
| 4.3      | SAMFERDSEL OG TEKNISK INFRASTRUKTUR .....                                     | 32        |
| 4.3.1    | <i>Veg – SV</i> .....   | 32        |
| 4.3.2    | <i>Anna veggrunn – SVG</i> .....  | 33        |
| 4.3.3    | <i>Parkering – SPA</i> .....  | 33        |
| 4.4      | GRØNSTRUKTUR.....   | 34        |
| 4.4.1    | <i>Vegetasjonsskjerm – GV</i> .....   | 34        |
| 4.5      | BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE .....             | 34        |

|          |  |           |
|----------|--|-----------|
| 4.5.1    | <i>Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone – V</i> .....                       | 34        |
| 4.5.2    | <i>Hamneområde i sjø – VHS</i> .....   | 34        |
| 4.6      | OMSYNSSONER .....  | 34        |
| 4.6.1    | <i>Frisiktsone – H140</i> .....  | 34        |
| 4.6.2    | <i>Brann- og eksplosjonsfare – H350</i> .....  | 34        |
| 4.7      | RENOVASJON .....   | 35        |
| <b>5</b> | <b>KONSEKVENSAV OG VERKNADER AV PLANFORSLAGET</b> .....  | <b>36</b> |
| 5.1      | GJELDANDE OG OVERORDNA PLANAR .....  | 36        |
| 5.1.1    | <i>Kommuneplan</i> .....   | 36        |
| 5.1.2    | <i>Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland</i> .....                               | 36        |
| 5.1.3    | <i>Reguleringsplan</i> .....   | 36        |
| 5.1.4    | <i>Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen</i> ..... | 36        |
| 5.2      | LANDSKAP OG ESTETIKK.....  | 38        |
| 5.3      | OMSYN TIL OMKRINGLIGGANDE NABOAR .....   | 39        |
| 5.4      | KULTURMINNE OG KULTURMILJØ.....  | 40        |
| 5.5      | NATURMANGFALD OG VURDERING ETTER NATURMANGFALDLOVAS §§ 8-12 .....                                | 40        |
| 5.5.1    | <i>Vurdering etter § 8 – kunnskapsgrunnlaget</i> .....   | 40        |
| 5.5.2    | <i>Vurdering etter § 9 – føre-var-prinsippet</i> .....   | 41        |
| 5.5.3    | <i>Vurdering etter § 10 – økosystemtilnærming og samla belastning</i> .....                      | 41        |
| 5.5.4    | <i>Vurdering etter § 11 – kostnader ved miljøforringelse skal takast av tiltakshavar</i> .....   | 41        |
| 5.5.5    | <i>Vurdering etter § 12 – miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar</i> .....                  | 41        |
| 5.6      | REKREASJON, FRILUFTSLIV OG FOLKEHELSE .....  | 42        |
| 5.7      | BARN OG UNGE SINE INTERESSER .....   | 42        |
| 5.8      | SOSIAL INFRASTRUKTUR .....   | 42        |
| 5.9      | TRAFIKKTILHØVE.....  | 42        |
| 5.10     | VASSFORSYNING OG AVLAUP .....  | 42        |
| 5.11     | MILJØ OG KLIMA .....   | 43        |
| 5.12     | UNIVERSELL UTFORMING.....  | 43        |
| 5.13     | RISIKO OG SÅRBARHEIT .....   | 43        |
| <b>6</b> | <b>AVSLUTTANDE KOMMENTAR</b> .....   | <b>43</b> |
| <b>7</b> | <b>REFERANSAR</b> .....  | <b>45</b> |

## Figurar:

|   |    |
|---|----|
| FIGUR 1: KARTUTSNITT SOM VISER GJELDANDE KOMMUNEPLAN (2018-2030). KARTUTSNITTET ER HENTA FRÅ<br>NORDHORDLANDSKART.NO.....   | 7  |
| FIGUR 2: KARTUTSNITT SOM VISER EIN OVERSIKT OVER REGULERINGSPLANAR I NÆROMRÅDA. ....  | 8  |
| FIGUR 3: PLANGRENSE VARSLA VED OPPSTART OG ENDELEG PLANGRENSE ETTER JUSTERINGAR. ....   | 10 |
| FIGUR 4: LOKALISERING AV PLANOMRÅDET. OPPDATER OMRISS AV PLANOMRÅDE. ....   | 11 |
| FIGUR 5: PLANGRENSE VIST MED SORT STIPLA LINJE.....   | 12 |
| FIGUR 6: PLANGRENSE VIST MED RAUD STIPLA LINJE. ORTOFOTO ER FRÅ 2020. ....  | 12 |
| FIGUR 7: FOTO FRÅ ANLEGGET. ....  | 13 |
| FIGUR 8: DRONEFOTO AV ANLEGGET. ....  | 13 |
| FIGUR 9: HISTORISKE FLYFOTO FRÅ OMRÅDET. FLYFOTO SYNER AT NÆRINGSOMRÅDET HAR BLITT UTVIDA MOT SJØEN I FLEIRE<br>OMGANGAR. FOTO FRÅ 1965 SYNER TIDLEGARE ULLSPINNERI PÅ TOMTA, MEDAN SETTEFISKANLEGGET ER ETABLERT PÅ DEI<br>ANDRE FOTOA. .... | 14 |
| FIGUR 10: FOTO AV RØYRGATE SOM GJEV VASSTILFØRSEL FRÅ SØRKVINGEVATNET TIL ANLEGGET. TIL VENSTRE: RØYRGATE SOM LIGG<br>INNAFOR PLANOMRÅDET. TIL HØGRE: DELER AV RØYRGATA SOM LIGG UTANFOR PLANOMRÅDET, VED BRU FYLKESVEGEN.....                | 15 |

|  |    |
|--|----|
| FIGUR 11: FOTO AV KRYSSOMRÅDET VED FYLKESVEGEN NED MOT PLANOMRÅDET. DEI TO ØVSTE FOTOA VISER FYLKESVEG 570 (FOTO TEKE FRÅ KRYSSSET), MEDAN DEI TO NEDSTE FOTOA VISER KRYSSSET VED DEN PRIVATE VEGEN ÅBAKKEN, DEN KOMMUNALE VEGEN AUSTFJORDVEGEN OG FYLKESVEG 570. .... | 16 |
| FIGUR 12: UTKLIPP FRÅ STØYRAPPORTEN. ....  | 17 |
| FIGUR 13: FOTO AV MØLLA PÅ SØRKVINGO. ....   | 18 |
| FIGUR 14: KARTUTSNITTET VISER AREALTYPANE I OMRÅDET. ....  | 19 |
| FIGUR 15: AKTSEMDSOMRÅDE FOR STORMFLOD (INTERVALL 200) VIST MED BLÅTT. AKTSEMDSOMRÅDET FOR FLAUM LANGS VASSDRAGET ER VIST MED LILLA FELT. DETTE OMRÅDET LIGG UTANFOR PLANOMRÅDET. KARTUTSNITTET ER HENTA FRÅ ATLAS.NVE.NO.....   | 20 |
| FIGUR 16: KARTUTSNITT SOM VISER FRILUFTSOMRÅDE I OMRÅDA RUNDT PLANOMRÅDET. KARTUTSNITTET ER HENTA FRÅ NATURBASE.KART.NO.....   | 21 |
| FIGUR 17: UTKLIPP AV PLANKARTET. ....  | 28 |
| FIGUR 18: SKISSE SOM VISER KORLEIS OMRÅDET ER PLANLAGT BYGD UT. PLANEN OPNAR OGSÅ FOR AT RESTERANDE KAR KAN BYGGAST INN DERSOM DET PÅ SIKT ER YNSKJELEG, MEN DETTE ER IKKJE VIST I SKISSA. SKISSE UTARBEIDD AV HELGESEN TEKNISKE BYGG AS (HTB). ....                   | 31 |
| FIGUR 19: SKISSE SOM VISER KORLEIS OMRÅDET ER PLANLAGT BYGD UT. PLANEN OPNAR OGSÅ FOR AT RESTERANDE KAR KAN BYGGAST INN DERSOM DET PÅ SIKT ER YNSKJELEG, MEN DETTE ER IKKJE VIST I SKISSA. SKISSE UTARBEIDD AV HELGESEN TEKNISKE BYGG AS (HTB). ....                   | 31 |
| FIGUR 20: SKISSE SOM VISER KORLEIS OMRÅDET ER PLANLAGT BYGD UT. PLANEN OPNAR OGSÅ FOR AT RESTERANDE KAR KAN BYGGAST INN DERSOM DET PÅ SIKT ER YNSKJELEG, MEN DETTE ER IKKJE VIST I SKISSA. SKISSE UTARBEIDD AV HELGESEN TEKNISKE BYGG AS (HTB). ....                   | 32 |
| FIGUR 21: UTKLIPP FRÅ SPORINGSANALYSE SOM VISER NY VEGSITUASJON VED AVKØYRSLA OPP MOT FYLKESVEGEN. ....  | 33 |
| FIGUR 22: UTSNITT FRÅ KPA. BYGGEGRENSA (STIPLA LINJE) FØLGJER FORMÅLSGRENSA VED PLANOMRÅDET. EKSISTERANDE (OG GODKJENDE) BYGG MED REINSEANLEGG LIGG DELVIS UTANFOR FORMÅLSGRENSA FOR NÆRINGSBYGNINGAR, OG DELVIS I STRID MED BYGGEGRENSA. ....                         | 37 |
| FIGUR 23: SKISSE SOM VISER NÆRINGSOMRÅDET. SKISSE UTARBEIDD AV HELGESEN TEKNISKE BYGG AS (HTB). ....   | 38 |
| FIGUR 24: SKISSE SOM VISER KORLEIS NÆRINGSOMRÅDET VERT SJÅANDE UT FRÅ NABOEIGEDOMEN GBNR. 38/30. SKISSE UTARBEIDD AV HELGESEN TEKNISKE BYGG AS (HTB).....  | 40 |

## Tabellar:

|  |    |
|--|----|
| TABELL 1: VURDERING ETTER § 10. ....                         | 25 |
| TABELL 2: OVERSIKT OVER REGULERTE FØREMÅL I PLANKARTET. .... | 29 |

## Vedlegg:

**Vedlegg 1:** Plankart. Datert: 11.04.2024

**Vedlegg 2:** Reguleringsføresegner. Datert: 11.04.2024

**Vedlegg 3:** Risiko- og sårbarhetsanalyse. Datert: 11.04.2024

**Vedlegg 4:** Merkaandsskjema. Datert: 11.04.2024

**Vedlegg 5:** Områdestabilitetsvurdering - Kvingo. Dokumentkode: 200016 – N01-A01. Datert: 11.11.2023

**Vedlegg 6:** Støyvurdering til reguleringsplan. Dokumentreferanse: 10240858-RIAKU01-Rev0 Støyvurdering Mowi Masfjorden\_A. Datert: 01-02.2024

**Vedlegg 7:** Plan- og profiltegning. Vegmodell 60000 og 61000. Teikningsnr.: 177823044C10. Dato: 02.02.2024

## 1 Innleiing

### 1.1 Bakgrunn og intensjon

Føremålet med planarbeidet er å regulere eksisterande næringsområde på Kvingo i Masfjorden kommune. Området er regulert som næring i overordna kommuneplan, og nyttast i dag av Mowi ASA som har settefiskanlegg her. Anlegget har vore i drift sidan 1980-tallet, men det føreligg ikkje nokon reguleringsplan for området. Føremålet med planarbeidet er å regulere dagens anlegg, samstundes som ein legg til rette for ein oppgradering av eksisterande anlegg.

### 1.2 Nøkkelopplysingar

|                                    |   |
|------------------------------------|---|
| Kommune                            | Masfjorden  |
| Gards nr. /bruksnr.                | 38/2, 38/,24, 38/30, 38/31, 38,32   |
| Gjeldande planstatus i kommuneplan | Næringsbygningar (1300), LNFR (5100) og spreidde bustader (5210), bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (6001) |
| Krav om konsekvensutgreiing, KU    | Nei, sjå vurdering i kap. 3.17  |
| Forslagsstillar og grunneigarar    | Mowi ASA  |
| Plankonsulent                      | Arkoconsult AS  |
| Føremål med planen                 | Regulering av eksisterande næringsområde  |
| Antal planlagde nye bustader       | Ingen   |
| Areal på planområde                | 19,79   |


## 2 Planstatus og rammevilkår

### 2.1 Gjeldande planstatus

#### 2.1.1 Kommuneplan

Planområdet er sett av til næringsbygningar/næringsverksemd i gjeldande kommuneplan for Masfjorden. Føremålet gjeld for næringsverksemd med tilhøyrande anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal.

Delar av planområdet er regulert som LNFR-areal og LNFR-areal med spreidd busetnad. Sjøareala er sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Byggegrensa mot sjø følgjer formålsgrrensa for næringsområdet.



**Figur 1: Kartutsnitt som viser gjeldende kommuneplan (2018-2030). Kartutsnittet er henta frå nordhordlandskart.no.**

### 2.1.2 Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland

Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland (IKP sjø) vart nyleg vedteke i Masfjorden kommunestyre. I denne planen er sjøarealet ved settefiskanlegget sett av til hamneområde i sjø. Ved motstrid gjeld IKP sjø framfor kommuneplanen for Masfjorden.

### 2.1.3 Reguleringsplan


Området er ikkje regulert gjennom nokon reguleringsplan.

### 2.1.4 Nærliggande reguleringsplanar

Figur 2 viser nærliggande reguleringsplanar i området.

Fylkesvegen og avkøyrse frå denne mot næringsområdet er regulert gjennom planen *Områderegulering FV 570 Einestrand – Nordkvingo* (planid: 1266 2013 0003).

Nord for fylkesvegen er det regulert eit bustadfelt gjennom reguleringsplanen *Skolten bustadfelt* (planid: 1266 1990 0002). Planen er ein eldre reguleringsplan som vart vedtatt i 1990. Ingen av reguleringsplanane er overlappande med planområdet. Det er ikkje andre reguleringsplanar i umiddelbar nærleik til planområdet.



**Figur 2: Kartutsnitt som viser ein oversikt over reguleringsplanar i nærområda.**

## 2.2 Rikspolitiske retningslinjer og statlege planretningslinjer

Det skal i planlegginga leggast vekt på;

Rikspolitiske retningslinjer:

- Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging

Regionale planer:

- Regional klimaplan for Hordaland
- Regional plan for folkehelse
- Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion

Kommunale planer:

- Kommuneplanens arealdel (plankart + føresegner)
- Kommuneplanens planskildring
- Kommuneplanens samfunnsdel



## 2.3 Planprosess

### 2.3.1 Oppstart

Oppstartsmøte vart heldt med Masfjorden kommune 01.09.2023. Varsel om oppstart vart sendt til grunneigarar, naboar og offentlege instansar i eige brev datert 26.10.2023. Annonse vart publisert i avisa Strilen 27.10.2023. Varslingsmaterialet vart også lagt ut på plankonsulent sin nettside. Merknadsfrist vart sett til 19.11.2023. Naboar bad om utsett merknadsfrist til 28.11.23, i mail sendt 14.11, og fekk dette innvilga. Statsforvaltaren opplyste også om at deira merknad vart ein dag forsinka og ville kome 20.11, i mail sendt 17.11. Ved merknadsfristens utløp var det kome inn totalt 4 offentlege fråsegn og 7 private merknader. Offentlege fråsegn og private merknader er kommentert i eige skjema, sjå vedlegg.

### 2.3.2 Medverknad

Næringsområdet ligg tett på både bustader og fritidsbustader. Samlokalisering mellom næring og bustader kan vere utfordrande, og på bakgrunn av dette har det vore viktig med ein god dialog med naboar undervegs i planarbeidet.

Forslagsstillar tok saman med plankonsulent initiativ til eit nabomøte i forkant av utsending av oppstartsvaselet. I møtet vart planane for området presentert, og det vart gjeve informasjon om den vidare planprosessen og moglegheita for å kome med merknadar. Naboar hadde i dette møtet anledning til å stille spørsmål, samt å fortelje om sine ynskjer for reguleringsplanen. Både tiltakshavar, plankonsulent og kommunen deltok på møtet, som vart heldt i forsamlingslokale ved Snikkerbua Kafé og Pub, den 12.10.2023.


Etter at oppstartsvaselet vart sendt ut, dukka det framleis opp spørsmål frå fleire naboar, blant anna til omfanget av plangrensa. Plankonsulent har vore tilgjengeleg for spørsmål undervegs i planprosessen, og har mellom anna stilt opp på eigne møter heime hos naboar som har ynskja avklaringar undervegs i planprosessen.

### 2.3.3 Justering av plangrensa

Etter varsling om oppstart såg ein at det var hensiktsmessig med nokre mindre justeringar av plangrensa. Plangrensa i sjøen er tilpassa den nyleg vedtekne interkommunale planen for sjøareal i region Nordhordland (IKP sjø). IKP sjø regulerer hamneområde i sjø ved anlegget, men deler av dette formålet låg utanfor plangrensa for Skutevika. Plangrensa er derfor justert, slik at heile hamneområdet frå overordna plan kjem innafør plangrensen. Regulert sjøareal er redusert med om lag 200 m<sup>2</sup>, frå 6648 til 6448 m<sup>2</sup>. Sidan det berre har vore snakk om mindre justeringar i samsvar med overordna plan, har ein saman med Masfjorden kommune konkludert med at det ikkje var nødvendig å varsle endringa av plangrensa.

Som følgje av merknader frå naboar/grunneigarar er også plangrensa langs tilkomstvegen Åbakken justert. I oppstartsvaselet var tilkomstvegen samt ein buffersone på 4 meter langs vegen inkludert innafør plangrensa. I samband med oppstartsvaselet kom fleire grunneigarar med tilbakemelding om at dei ikkje ynskja at deira eigedom vart inkludert innafør plangrensa. I framlegg til detaljreguleringa er berre vegareal som vert regulert til vegformål, samt areal regulert til anna veggrunn – grøntareal, inkludert innafør plangrensa.

Ein har også sett behov for å justere plangrensa i kryssområdet mot fylkesvegen. Disse justeringane er berre gjort på kommunal grunn. Justeringane av plangrensa er diskutert med kommunen, som har kome med tilbakemelding om at det ikkje har vore naudsynt å varsle utvidinga på kommunal grunn.




**Figur 3: Plangrense varsle ved oppstart og endeleg plangrense etter justeringar.**

### 3 Skildring av planområdet

#### 3.1 Planområdet og lokalisering


Planområdet er lokalisert på Kvingo i Masfjorden kommune. Masfjorden kommune er ein del av distriktet Nordhordland, og ligg i Vestland fylke. Planområdet ligg om lag 15 km unna Masfjordnes, som er kommunesenter i Masfjorden kommune. Nærmaste tettstad er Knarvik, som ligg i Alver kommune, er om lag 35 km unna. Avstand til Bergen sentrum er om lag 60 km.



**Figur 4: Lokalisering av planområdet. Oppdater omriss av planområde.**

Sjølve planområdet har eit areal på om lag 19,79 daa og omfattar eit eksisterande næringsområde som nyttast til settefiskanlegg/smoltanlegg. Planområdet omfattar arealet rundt settefiskanlegget, delar av tilkomstvegen Åbakken, samt noko sjøareal.

Planområdet ligg i sjøkanten ved fjorden Austfjorden. Nord/nordaust for planområdet går fylkesveg 570, Austfjordvegen. Aust for planområdet og fylkesvegen ligg Sørkvingevatnet. Sørkvingevatnet har utlaup i fjorden via ein liten elv som ligg like aust/sør for settefiskanlegget. Anlegget frå vasstilførsel frå Sørkvingevatnet, via etablert røyrgate mellom anlegget og vatnet.



Figur 5: Plangrense vist med sort stipla linje.



Figur 6: Plangrense vist med raud stipla linje. Ortofoto er frå 2020.

### 3.2 Arealbruk

Næringstomta nyttast i dag til settefiskanlegg. Tomta har vore nytta til industriføremål i mange år. Det har vore anlegg for settefiskproduksjon på Kvingo sidan 1985. Før dette, fram til ca. 1970-talet, var det eit ullspinneri på tomta.

Næringsarealet er i dag bebygd med produksjonshall, frittstående smoltkar, administrasjonsbygg/kontor, tekniske anlegg og installasjonar m.m. Settefiskanlegget ligg i sjøkanten, delvis på planert terreng og delvis på ein fylling. Flyfoto syner at fyllinga er utvida i fleire omgangar, sjå figur 9.



**Figur 7: Foto frå anlegget.**



**Figur 8: Dronefoto av anlegget.**



**Figur 9: Historiske flyfoto frå området. Flyfoto syner at næringsområdet har blitt utvida mot sjøen i fleire omgangar. Foto frå 1965 syner tidlegare ullspinneri på tomte, medan settefiskanlegget er etablert på dei andre fotoa.**

Som nemnt innleiingsvis, får anlegget vasstiltførsel frå Sørkvingevatnet via etablert røyrgate. Delar av røyrgata ligg innafor planområdet, i område som er sett av til LNFR-areal i overordna plan.



**Figur 10:** Foto av røyrgate som gjev vasstilførsel frå Sørkvingevatnet til anlegget. Til venstre: røyrgate som ligg innafor planområdet. Til høgre: deler av røyrgata som ligg utanfor planområdet, ved bru fylkesvegen.

### 3.3 Stadens karakter og landskap

Nærområda rundt planområdet består av spreidd busetnad, med hovudsakleg einebustader. Ein finn også fleire naust i områda rundt planområdet, samt nokre fritidsbustader. Om lag 400 meter nord for planområdet finn ein Nærbutikken på Kvingo, der det også er ein kafé og bubilparkering. Nærområda består elles av store naturområde med mykje skog. Nærområda kan generelt sett skildrast som landlege.

### 3.4 Veg, trafikktilhøve og tilkomst

Tilkomst er via vegen Åbakken, som tek av frå fylkesveg 570, Austfjordvegen. Åbakken er ein privat veg. Vegen vert brøytta og strødd av kommunen etter avtale.

Fylkesvegen har fartsgrense 80 km/t, medan Åbakken har fartsgrense 50 km/t. Tilhøva på staden, både stigning, sikt og kurvatur gjer likevel at den reelle farten truleg er lågare enn 50 km/t. ÅDT for fylkesvegen er 450 og trafikkmengda er såleis låg. Det er ikkje berekna ÅDT for Åbakken, men vegen gjev berre tilkomst til seks bueningar og to fritidsbustader, i tillegg til settefiskanlegget, og trafikken er såleis svært avgrensa langs denne vegen. Det er ikkje registrert trafikkulukker innafor planområdet. Det er registrert to trafikkulukker langs fylkesvegen, nærme avkøyrsla til planområdet. Ulukkene fann stad i 2005 og 2007 (Statens vegvesen, u.d.). Det er i seinare år gjort utbetringar av fylkesvegen. Vegen er mellom anna utvida like ved krysset mot planområdet. Frisiktsona i krysset mellom tilkomstvegen og fylkesvegen vart også forbetra.



**Figur 11:** Foto av kryssområdet ved fylkesvegen ned mot planområdet. Dei to øvste fotoa viser fylkesveg 570 (foto teke frå krysset), medan dei to nedste fotoa viser krysset ved den private vegen Åbakken, den kommunale vegen Austfjordvegen og fylkesveg 570.


### 3.5 Støy

Planområdet ligg ikkje innafor kartlagde støysoner frå fylkesvegen.

Settefiskanlegget er omgitt av både bustader og fritidsbustader. Nokon av desse ligg tett på, og kan derfor påverkast av støy frå anlegget. Sweco har utarbeidd ein støyrapport i samband med



planarbeidet. Rapporten viser at grenseverdien for  $L_{den}$  tilfredsstillast for alle nærliggande bustader på kverdagar. Grenseverdien  $L_{den}$  overskridast på laurdagar, søndagar og heilagdagane for Austfjordvegen 1146 og Åbakken 31. Overskridingane er på høvesvis 1 og 2 dB. I Åbakken 31 overskridast også grenseverdiene for  $L_{natt}$  med 1 dB. Figur 12 viser støysonekarta for dagens situasjon, med  $L_{den}$  til venstre og  $L_{natt}$  til høgre. Sjå vedlagt støyrapport utarbeidd av Sweco for meir informasjon.



Figur 12: Utklipp frå støyrapporten.

Anløp av brønnbåt vil også generere støy, men det er ikkje gjort målingar for støy frå brønnbåt. Anløp på dagtid vil medføre at grenseverdiene overskridast for nokon bustader og fritidsbustader, dersom anløpet skjer i helgane. Anløp på kvelden, og særleg på natta, vil gje overskridingar av støyverdiene for eit større antal bustader og fritidsbustader i området (Sundfjord, 2022).

### 3.6 Offentleg kommunikasjon/kollektivdekning

Nærmaste busshaldeplass er «Kvingo ved landhandel», som ligg i krysset mellom Åbakken og fylkesveg 570. Skyss sin rute 345 går forbi planområdet. Frå busshaldeplassen kan ein reise med kollektivt både mot Masfjordnes og mot Knarvik. Busstilbodet er noko avgrensa, med 4 avgangar dagleg krav retning måndag-fredag. I helgane er tilbodet ytterlegare redusert, til 2 avgangar kvar retning på laurdagar, og ein på søndagar.

### 3.7 Service og offentlege tenester

Nærmaste bygd er Masfjordnes, som ligg om lag 15 km frå planområdet. Masfjordnes er kommunesenter i Masfjorden kommune. Planområdet ligg om lag 35 km unna Knarvik i Alver kommune, som er det største tettstaden i nærområdet. Masfjordnes er ei bygd med eit avgrensa tilbod av offentlege tenester. I Knarvik finn det mest av servicetilbod og offentlege tenester, som bl.a. butikkar/kjøpesenter, apotek, helsehus, bensinstasjon m.m. Om lag 400 meter nord for planområdet finn ein Nærbutikken på Kvingo, der det også er kafé.

### 3.8 Vatn og avlaup

Anlegget får vasstilførsel frå Sørkvingevatnet, som ligg om i overkant av 300 meter unna, målt i luftlinje. Uttak av vatn frå Sørkvingevatnet er regulert gjennom konsesjon etter vassressursloven, gitt av NVE i 2015. Anlegget har løyve til vassuttak på 80 m<sup>3</sup>/minutt. Gjennomsnittleg årleg uttak skal ikkje vere høgare enn 45 m<sup>3</sup>/minutt.

Det føreligg også utsleppsløyve for anlegget, som gjev løyve til utslepp til luft og vatn. Avlaupsvatnet vert slept ut i sjø. I utsleppsløyvet er det sett krav om partikkelreinsing av utsleppsvatnet.

### 3.9 Soltilhøve

Planområdet ligg vendt mot sør/søraust, noko som gjer at soltilhøva i området generelt er gode. Topografien i området, med høge toppar aust for planområdet, vil kunne påverke soltilhøva noko, særleg på morgonen.

### 3.10 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innafor planområdet eller i nærområda (Miljødirektoratet, u.d.). Det er nokon SEFRAK-registrerte bygningar i nærområda rundt planområdet – alle er eldre våningshus. SEFRAK-bygga tettast på planområdet er alle registrert som SEFRAK-bygg som ikkje er omfatta av Kulturminneloven.

I tillegg til dei SEFRAK-registrerte våningshusa, finn ein eldre mølle ved munninga av vassdraget mellom Sørkvingevatnet og fjorden. Ifølgje Masfjorden kommune sin kulturminneplan for 2019/2027 er mølla etablert før 1850, men påbygd og utvida etter kvart. Mølla høyrer til eit gardsbruk (gbnr. 38/6), med våningshus (SEFRAK-registrert), naust, løe og notebu. Miljøet er skildra som komplett og lite endra sidan 1800-talet. Mølla er gjevne verdivurderinga *svært stor, klasse A*.



**Figur 13:** Foto av mølla på Sørkvingo.


### 3.11 Naturmangfald

Næringsområdet er kartlagt som bebygd i NIBIO sine kart over arealtypar (NIBIO, u.d.). Det er ikkje kartlagt naturtypar innafor eller i nærleiken av planområdet. Det er heller ikkje registrert artar av nasjonal forvaltningsinteresse innafor planområdet. Nærmaste registrering av truga

artar er i sjøen vest for planområdet, der det er observert tjeld (nær truga, NT) og gråmåke (sårbar, VU). Det er også registrert ein type alge i sjøen, *Ceramium deslongchampsii*, som også er nær truga. Nord for planområdet er det registrert ein observasjon av nordflaggermus (VU) og ein type veps, *labolips innupta* (NT) (Miljødirektoratet, u.d.).

Det er også registrert nokon framande artar i og ved planområdet. Innafor planområdet er det registrert kvittdodre (SE – svært høg risiko) og byreseda (LO – låg risiko). Ved avkjørselen ved fylkesvegen er det registrert gyvel (SE) og duskamarant (NK – ingen kjend risiko) (Artsdatabanken, u.d.). Registreringane av kvittdodre, byreseda og duskamarant er svært gamle (1933 og 1959), og det er ikkje gjort undersøkingar for å bekrefte eller avkrefte om artane framleis er i området. Det er registrert ein framand art i sjø, pollpryd, som er kategorisert som ein art med svært høg risiko (SE).

Sjøareala utanfor anlegget er i Fiskeridirektoratet sine kart registrert som gytefelt for torsk. Gytefeltet er klassifisert som lokalt viktig (Fiskeridirektoratet, u.d.).



Figur 14: Kartutsnittet viser arealtypeane i området.

### 3.12 Geologisk grunntilhøve


Berggrunnen innafor planområdet er kartlagt som granittisk gneis i NGU sine berggrunnskart. Ifølgje lausmassekarta består lausmassane i området av ein kombinasjon av morenemateriale og bart fjell (NGU, u.d.). Lausmassekarta er av grov oppløysing (1:250 000), og gjev derfor ikkje eit nøyaktig inntrykk av lausmassane i området. Aktsemdsgraden for radon er vist som moderat til låg i området (NGU, u.d.).

Det er ikkje registrert aktsemdssoner for verken snøskred, steinsprang/steinskred eller jord- og flaumskred innafør planområdet. Det er heller ikkje registrert tidlegare skredhendingar i eller ved planområdet (NVE, u.d.).

Det er tidlegare utarbeida ein geoteknisk vurdering av anlegget. Ved ein fjellvegg nord for anlegget vart det registrert risiko for at ein steinblokk kunne rase ut, og det vart derfor anbefalt at denne vart sikra. Bortsett frå steinblokken var det ikkje avdekt andre geotekniske eller geologiske risikoelement som krev tiltak i området (Hellevang, 2019). Fjellskjeringa vart reinska og sikra med boltar i august 2020.

Området ligg i sin heilskap under marin grense, dvs. innafør eit generelt aktsemdsområde for områdekred. Det er utarbeidd ein områdestabilitetsvurdering for området. Rapporten konkluderer med at området ikkje er eit aktsemdsområde med omsyn til områdekredfare.

Delar av området ligg innafør aktsemdsområde for stormflod. Det er også vist aktsemdsone for flaum langs vassdraget mellom Sørkvingevatnet og fjorden, men denne aktsemdsona ligg utanfor planområdet (NVE, u.d.). Geoteknisk vurdering som er utarbeidd for området tidlegare tar også for seg flaumfare. Anlegget vert plassert i sikkerheitsklasse 2. Utgreiinga konkluderer med at anlegget er trygt i høve til 200-årsflaum, både i dag og i eit lengre perspektiv. Overfløyming grunna stormflod vert vurdert som lite sannsynleg, og anlegget tilfredsstillar dermed krava i TEK17 (Hellevang, 2019).



**Figur 15:** Aktsemdsområde for stormflod (intervall 200) vist med blått. Aktsemdsområdet for flaum langs vassdraget er vist med lilla felt. Dette området ligg utanfor planområdet. Kartutsnittet er henta frå atlas.nve.no.



### 3.17 Vurdering av konsekvensutgreiing ihht. Forskrift om konsekvensutredning

#### 3.17.1 Innleiing

Føremålet med ein konsekvensutgreiing er å klargjere konsekvensar av planar og tiltak som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Dei spesifikke planar og tiltak som krev ei konsekvensutgreiing følgjer av forskrift om konsekvensutredning §§ 6 til 8.

#### 3.17.2 Vurdering etter §6 første ledd

##### **§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding**

*Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:*

- a. kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II*
- b. reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen*
- c. tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven.*

Bokstav a omhandlar kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar og områdereguleringar, og er ikkje relevant for denne planen.

Ifølgje bokstav b skal planar for tiltak i vedlegg I, som skal handsamast etter plan- og bygningsloven, alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram. Vidare følgjer det av første ledd bokstav c at tiltak i vedlegg I som skal handsamast etter andre lover enn plan- og bygningsloven, alltid skal konsekvensutgreiast eller ha melding. Det går fram av vedlegg I nr. 12 bokstav b at det er krav om konsekvensutgreiing og planprogram for konsesjonspliktige anlegg for transport av vatn mellom nedbørsfelta der den gjennomsnittlege vassmengda i det i det nedbørsfeltet som det transporterast vatn får overstig 2000 millionar m<sup>3</sup> pr. år gjennom fleire år, og der den transporterte vassmengda overstig 5% av denne mengda.

Vilkåra i vedlegg I nr. 12 bokstav b er kumulativ, slik at begge vilkåra må vere oppfylt for at føresegna skal vere gjeldande. 5% av 2000 millionar svarar til 100 millionar, og ein forutsett derfor at årleg vassuttak må overstige 100 millionar m<sup>3</sup> før kravet om konsekvensutgreiing og planprogram etter § 6, bokstav b og c vert utløyst.

Drifta ved eksisterande anlegg er avhengig av vasstilførsel frå Sørkvingevatnet. Uttak av vatn får Sørkvingevatnet er regulert gjennom konsesjon etter vannressursloven gitt av NVE. Anlegget har løyve frå NVE til vassuttak på 80 m<sup>3</sup>/minutt. Gjennomsnittleg årleg uttak skal ikkje vere høgare enn 45 m<sup>3</sup>/minutt. Dette svarar til eit årleg uttak på uttak på 23 652 000 m<sup>3</sup>. Sidan gjennomsnittleg årleg vassuttak er betydeleg lågare enn 100 millionar m<sup>3</sup>, konkluderer ein med at vilkåra i føresegna ikkje er oppfylt og at planen dermed ikkje utløyser kravet om konsekvensutgreiing og planprogram etter § 6 bokstav b og c. Her er også relevant å nemne at det allereie er innvilga konsesjon for vassuttaket, og at reguleringsplanen ikkje legg opp til endringar av gjeldande konsesjon.

### 3.17.3 Vurdering etter §7 første ledd

#### **§ 7. Planer og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutredes, men ikke ha melding**

*Følgende tiltak og planer etter andre lover skal alltid konsekvensutredes, men ikke ha melding:*

- a. tiltak i vedlegg II som behandles etter energi-, vannressurs- eller vassdragsreguleringsloven*
- b. planer og programmer etter andre lover som fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II og som vedtas av et departement.*

Tiltak i vedlegg II som behandlast etter energi-, vannressurs- eller vassdragsreguleringsloven skal alltid konsekvensutgreiast, men ikkje ha melding, jf. § 7 bokstav a. Vedlegg II nr. 10 bokstav a er relevant for denne reguleringsplanen. Anlegget er som allereie nemnt avhengig av vasstilførsel frå Sørkvingevatnet. Reguleringsplanen omfattar såleis konsesjonspliktige tiltak som er handsama etter vassressursloven. Mowi ASA (tidlegare Marine Harvest Norway AS) fekk innvilga konsesjon i 2015. I samband med konsesjonssøknaden vart det utarbeidd ein utgreiing som vurderte tiltakets verknader for miljø, naturressursar og samfunn. Reguleringsplanen vil ikkje legge opp til endringar av gjeldande konsesjonar, og det vil såleis ikkje vere behov for å søke om konsesjon på nytt. Basert på dette vurderer ein at reguleringsplanen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing og planprogram etter § 7 bokstav a.

Bokstav b er ikkje relevant for reguleringsplanen, då planen ikkje legg opp til tiltak i vedlegg I og II som skal vedtakast av eit departement.

### 3.17.4 Vurdering etter §8

#### **§ 8. Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn**

*Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding:*

- a. reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen*
- b. tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven.*

Ifølgje § 8 bokstav a skal reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II konsekvensutgreiast viss dei kan få vesentlege verknader etter § 10. Det same gjeld for tiltak i vedlegg II som handsamast etter anna lov enn plan- og bygningsloven, jf. bokstav b. Både nr. 1 f, som omhandlar akvakultur, og nr. 10 m, som omhandlar anlegg for transport av vassressursar mellom nedbørsfelt, vert relevant for denne reguleringsplanen. Det vert derfor nødvendig å vurdere planen opp mot forskriftas § 10, som gjev kriteria for vurderinga av om ein plan eller eit tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

### **§ 10. Kriterier for vurderingen av om en plan eller et tiltak kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn**

*I vurderingen av om en plan eller et tiltak kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn, skal det ses hen til egenskaper ved planen eller tiltaket, jf. annet ledd og planen eller tiltakets lokalisering og påvirkning på omgivelsene, jf. tredje ledd. Det skal også i nødvendig grad ses hen til egenskaper ved virkninger nevnt i fjerde ledd.*

*Egenskaper ved planen eller tiltaket omfatter:*

- a. størrelse, planområde og utforming*
- b. bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser*
- c. avfallsproduksjon og utslipp*
- d. risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer.*

*Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:*

- a. verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven*
- b. truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv*
- c. statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.*
- d. større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet*
- e. økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet*
- f. konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning*
- g. vesentlig forurensning eller klimagassutslipp*
- h. risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom.*

*I vurderingen av om planen eller tiltaket kan få vesentlige virkninger og følgelig skal konsekvensutredes, skal det ses hen til virkningenes intensitet og kompleksitet, sannsynlighet for at virkningene inntreffer og når de inntreffer, varighet, hyppighet og mulighet for å reversere eller begrense dem, om virkningene strekker seg over landegrensene, samt samlede*



virkinger av forslaget til plan eller tiltak og andre eksisterende, godkjente eller planlagte planer eller tiltak.

For å vurdere om planen vil få vesentlege verknader for samfunn eller miljø og følgeleg må konsekvensutgreiast, er det ved dette stadiet av planarbeidet nytta nasjonale register og andre kjelder for innhenting av kunnskap og informasjon. Kriteria i forskrifta er vurdert etter beste skjønn. Vurderinga etter kriteria i § 10 er samanstillt i tabellen som følgjer.

Forklaring av tabell/vurdering:

Kolonne K = Plankonsulent sin konklusjon etter vurdering.

Grøn markering = ingen vesentlege verknader på miljø eller samfunn.

Rød markering = vesentlege verknader.

**Tabell 1: Vurdering etter § 10.**

| Kriterium etter forskriftas §10<br>(noko forkorta forskriftstekst)                               | Plankonsulent sin vurdering av samla tiltak  | K |
|--|--|---|
| <b>2.ledd: Eigenskap ved planen eller tiltaka omfattar:</b>                                      |  |   |
| a) Størrelse, planområde og utforming  | Ingen spesielle utfordringar.  |   |
| b) Bruken av naturressursar, særlege areal, jord, mineralressursar, vann og biologiske ressursar | Drifta ved anlegget krev vasstilførsel frå Sørkvingevatnet. NVE innvilga konsesjon i 2015. Det følger av vannressursloven § 25 første ledd at det berre kan gis konsesjon viss fordelane ved tiltaka overstig skader og ulemper for allmenne og private interesser som vert berørt i vassdraget eller nedbørsfeltet. Reguleringsplanen legg ikkje opp til endringar av gjeldande konsesjon, og det vil såleis ikkje vere behov for å søke om konsesjon på nytt. Konsekvensane av tiltaket vart grundig vurdert i samband med konsesjonssøknaden, og NVE konkluderte med at fordelane ved tiltaket var større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser. På bakgrunn av dette konkluderer ein med at reguleringa ikkje utløyser kravet om konsekvensutgreiing etter § 10 andre ledd bokstav b, i forskrift om konsekvensutgreiing. |   |
| c) Avfallsproduksjon og utslepp  | Mowi ASA (tidlegare Marine Harvest Norway AS) har allereie fått innvilga utsleppsløyve i samband med anlegget på Kvingo. Reinsing skal vere i tråd med vilkår gjeve i utsleppsløyve.   |   |

|  |  |  |
|--|--|--|
| d) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar   | Ingen kjende risiko. Risiko for alvorlege ulukker og/eller katastrofar vert vurdert nærmare i ROS-analyse i planarbeidet.  |  |
| <b>3. ledd: Lokalisering og verknad på omgjevnaden omfattar ei vurdering av om planen kjem i konflikt med:</b>   |  |  |
| a) Verneområde etter naturmangfaldlova (...), utvalde naturtypar (naturmangfaldlova kap. VI), prioriterte arter, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar, laksevassdrag, objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova. | Ingen kjende konfliktrar.  |  |
| b) Truga arter, naturtypar, verdifulle landskap, kulturminne og -miljø, viktige mineralressursar, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og område særleg viktig for friluftsliv.                     | Det er ikkje registrert truga artar, verdifulle landskap, kulturminne og -miljø, viktige mineralressursar, område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift, eller område som er særleg viktige for friluftsliv.   |  |
| c) Statlege planretningslinjer eller statlege/regionale planbestemmelser etter PBL 2008, eller rikspolitiske bestemmelser/retningslinjer etter PBL 1985  | Ingen kjend konflikt. Planområdet ligg i strandsona, men byggegrensa mot sjø er sett ved formålgrensa for næringsområdet.  |  |
| d) Større omdisponering av område sett av til landbruk-, natur- og friluftsføremål (...)   | Planen vil ikkje medføre ein større omdisponering av område sett av til LNF-føremål.   |  |
| e) Økt belastning i område der fastsette miljøstandardar er overskride   | Reguleringsplanen legg til rette for ein forbetring av dagens drift, med etablering av eit nytt lager og ny driftsbygning (skal erstatte eksisterande driftsbygg). Planen i seg sjølv legg ikkje opp til tiltak som gjev auka belastning på miljøet. Parallelt med planprosessen har Mowi sendt inn søknad om utviding av produksjonen i anlegget. I samband med søknaden er det utarbeidd ein rapport (KU) som vurderer konsekvensar av tiltaket og verdivurdering av naturmangfald. Ein er av den oppfatning at saken er tilstrekkeleg opplyst for å kunne vurdere om utvidinga av drift får vesentlege verknadar for miljø og samfunn, jf. § 10 i forskrifta. |  |


|   |   |  |
|---|---|--|
| f) Konsekvensar for befolknings helse, for eksempel som følgje av vann- eller luftforureining | Sjå punkt over. Reguleringsplanen legg opp til nye tiltak som kan betre drifta ved anlegget. Det er ikkje venta at nye tiltak etter reguleringsplanen vil medføre konsekvensar for befolknings helse. Utslepp i vatn og luft vert regulert gjennom utsleppsløyve. |  |
| g) Vesentleg forureining eller klimagassutslepp   | Som punkta over. Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen i Vestland) innvilga utsleppsløyve i 2014. Løyvet gjeld utslepp til luft og vatn. Endringar i løyvet inneber ein eige søknadsprosess etter forureiningslova.  |  |
| h) Risiko for alvorlege ulykker som følgje av naturfarar som ras, skred eller flaum           | Ingen kjend risiko. ROS-analyse skal gjennomførast i planen.  |  |

Basert på ein samla vurdering etter § 10, konkluderer ein at reguleringsplanen ikkje vert omfatta av forskrift om konsekvensutredning § 8, som fastsett kva planar som alltid skal konsekvensutgreiast, men ikkje ha planprogram eller melding.

## 4 Skildring av planforslaget

Detaljreguleringa regulerer eksisterande næringsområde med tilhøyrande infrastruktur og omkringliggende grøntareal. Areala i sjø som grensar til næringsområdet er regulert til hamneområde og bruk og vern av sjø og vassdrag. Figur 17 viser eit utklipp av plankartet.

Bakgrunnen for planarbeidet er å leggje til rette for betre drift av anlegget, samanlikna med dagens situasjon. Det er eit ynskje om å etablere eit nytt fôrlager i tilknytning til anlegget. Delar av eksisterande bygningsmasse er også tenkt erstatta med eit nytt bygg, og det er planar om å bygge inn to av smoltkara som i dag står utomhus. Planen sett også rammer for vidare utvikling av næringstomta.



Figur 17: Utklipp av plankartet.

Parallelt med planarbeidet, har Mowi søkt om å få endre produksjonsløyvet ved anlegget på Kvingo, frå 670 tonn fisk, med eit fôrforbruk på 830 tonn – til 930 tonn fisk produsert, med eit fôrforbruk på 900 tonn. Antal fisk produsert i løpet av eit år, og vassforbruket, skal vere uendra i forhold til dagens konsesjon. Produksjonsauken i tonn, vil effektivisere drifta ved anlegget, og redusere utslepp i sjø i form av redusert forbruk av fôr per kilo fisk som vert produsert. Søknaden medfører ikkje ein auke i bygningsmassen utover det som er beskrive i planforslaget. Søknaden om å endre produksjonsløyvet handsamast etter forureiningslova, matlova og akvakulturloven.

## 4.1 Reguleringsføremål

Tabell 2: Oversikt over regulerte føremål i plankartet.

| Føremål   | Feltnr. | Areal (daa) |
|---|---------|-------------|
| <b>Bygge- og anleggsføremål – PBL § 12-5 nr. 1</b>                                    |         |             |
| Næringsbygningar  | BN      | 9,89        |
| <b>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur – PBL § 12-5 nr. 2</b>                  |         |             |
| Veg   | SV      | 1,06        |
| Anna veggrunn – grøntareal  | SVG     | 0,54        |
| Parkering   | SPA     | 0,57        |
| <b>Grønstruktur – PBL § 12-5 nr. 3</b>  |         |             |
| Vegetasjonsskjerm   | GV      | 1,28        |
| <b>Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone – PBL § 12-5 nr. 6</b> |         |             |
| Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone                            | V       | 3,16        |
| Hamneområde i sjø   | VHS     | 3,29        |
| <b>Omsynssoner – PBL § 11-8</b>   |         |             |
| Frisiktsone   | H140    | 0,04        |
| Brann- og eksplosjonsfare   | H350    | 0,20        |

## 4.2 Bygge- og anleggsføremål

### 4.2.1 Næringsbygningar – BN

Areala rundt settefiskanlegget vert regulert til føremålet *næringsbygningar*, i tråd med gjeldande kommuneplan. Føremålet omfattar næringsbygningar som administrasjonsbygg, produksjonsbygg/installasjonar, frittstående smoltkar, lagerbygningar, tekniske anlegg og installasjonar, samt andre anlegg i tilknytning til akvakulturanlegget.

I tillegg til at planen regulerer eksisterande situasjon, legg ein til rette for vidare utvikling innafor området. Delar av bygningsmassen ved anlegget er planlagt revet og erstatta med nye bygg. To av smoltkara som i dag står utomhus, skal byggast inn i nytt bygg. Det skal i tillegg etablerast eit nytt bygg – eit fôrlager. Fôrlageret er planlagt lokalisert like nord for eksisterande bygningsmasse. Oppføringa av fôrlageret krev noko terrenginngrep ved at delar av eksisterande fjellknaus må sprengast vekk. Det er stilt krav til estetikk og arkitektur for nye tiltak i føresegnene.

Næringsområdet er delt opp i to delfelt i plankartet: BN1 og BN2. Ny driftsbygning (som skildra i avsnittet over), samt planlagd fôrlager og dei to nordlegaste (eksisterande) smoltkara ligg innafor BN1. Resterande smoltkar og bygget med reinseanlegget ligg innafor BN2.

Utnyttingsgrad er satt til 90 % BYA, og er også synt i plankartet. Næringsstomta er allereie godt utnytta, med både smoltkar, administrasjonsbygg og driftsbygningar, samt tekniske installasjonar. Avtrykket til eksisterande bygg er noko vanskeleg å avgrense, då eksisterande

situasjon er kompleks, med mange byggeiningar, tekniske installasjonar på bakkeplan og gangbruer mellom smoltkara. Ved berekning av BYA for dagens situasjon, har ein teke utgangspunkt i bygg som ligg inne i basiskarta for området (FKB). Gangbruer er også rekna med. BYA for eksisterande bygg er berekna til om lag 46 % felt BN1 og BN2 samla. Det ynskjeleg at planen opnar for at alle smoltkara kan byggast inn på sikt. På bakgrunn av dette er utnyttingsgraden sett ein del høgare enn kva dagens utbygde situasjon krev. Byggehøgde for næringsområdet er sett basert på allereie etablert situasjon. Største kotehøgde er sett til kote 12,7 moh. Inntil 5% av takarealet kan ha tekniske installasjonar som er inntil 2 meter høgare enn største byggehøgde.

Eksisterande transformator er lokalisert innafor området BN1. Det er både ein 400 volt trafo som forsyner anlegget, og ein 230 volt trafo som forsyner nokre hus i nærleiken av anlegget. Ved etablering av nytt driftsbygg skal 400 volt trafoen byggast inn. Planen opnar også for at 230 volt transformatoren kan flyttast. Nettstasjon kan førast opp innafor områda BN, SPA eller GV.

Anlegget ligg i sjøkanten, delvis på ein fylling. Føresegna opnar for at det kan etablerast ein ny mur ved fyllingsfronten, i formålsgrensa mellom BN1/BN2 og V1/VHS. Muren skal utformast i naturstein.

Planen opnar for at det kan etablerast landstraumsanlegg. Dette er eit tiltak som vil redusere både utslepp og støy frå brønnbåtar som ligg til kai. Planen opnar også for at det kan etablerast solcelleanlegg på taka av næringsbygningane. Det er ikkje stilt krav om etablering av landstraumsanlegg eller solcelleanlegg.

Deler av næringsområdet ligg innafor aktsemdsområde for stormflod. TEK17 definerer sikkerheitsklasser for byggverk i flaumutsette område. Sikkerheitsklasse F2 omfattar dei fleste byggverk berekna for personopphald, og vært såleis relevant i denne planen. Byggverk innafor sikkerheitsklasse F2 skal jf. TEK17 § 7-2 andre ledd plasserast, dimensjonerast eller sikrast mot flaum slik at ein nominell sannsyn ikkje overskrid 1/200. For Masfjordnes skal 204 cm leggast til grunn for sikkerheitsklasse 2 (returnivå med klimapåslag) (Kartverket, 2023). Talet vert i dette tilfellet avrunda til 210 cm. Det er i føresegna stilt kvalitetskrav til nye konstruksjonar innanfor BN1 og BN2 som vert plassert lågare enn + 2,1 m over 0-vasstand (NN2000). Tiltaka skal utformast slik at dei ikkje tek skade av havnivåstigning og høg vasstand.

Figur 18, 19 og 20 viser skisser av korleis anlegget vert sjåande ut etter etablering av ny driftsbygning og nytt fôrlager. To av smoltkara som i dag står utomhus er bygd inn. Som nemnt over, opnar planen også for at resterande smoltkar kan byggast inn på sikt dersom det er ynskjeleg, men dette er ikkje vist i skissa.



**Figur 18:** Skisse som viser korleis området er planlagt bygd ut. Planen opnar også for at resterande kar kan byggast inn dersom det på sikt er ynskjeleg, men dette er ikkje vist i skissa. Skisse utarbeidd av Helgesen Tekniske Bygg AS (HTB).



**Figur 19:** Skisse som viser korleis området er planlagt bygd ut. Planen opnar også for at resterande kar kan byggast inn dersom det på sikt er ynskjeleg, men dette er ikkje vist i skissa. Skisse utarbeidd av Helgesen Tekniske Bygg AS (HTB).



*Figur 20: Skisse som viser korleis området er planlagt bygd ut. Planen opnar også for at resterande kar kan byggast inn dersom det på sikt er ynskjeleg, men dette er ikkje vist i skissa. Skisse utarbeidd av Helgesen Tekniske Bygg AS (HTB).*

### 4.3 Samferdsel og teknisk infrastruktur

#### 4.3.1 Veg – SV


Planforslaget legg opp til ein omlegging av krysset mellom tilkomstvegen Åbakken, kommunal veg Austfjordvegen og fylkesveg 570. Kommunal veg og privat veg vert felles dei første om lag 20 meterane. Omlegginga av den kommunale vegen vil gje ein meir oversiktleg trafikk situasjon inn mot avkøyrsla til fylkesvegen. Figur 21 viser eit utklipp av sporingsanalyse med lastebil ved ny vegsituasjon. Avkøyrsla mot fylkesvegen ligg utanfor planområdet, men det er utarbeidd tekniske teikningar av korleis krysset skal oppgraderast. Sidan det i dette tilfellet er snakk om ein oppgradering av eksisterande kryss, er det vanskeleg å sette alle krava i vegnormalen N100. Det er derfor søkt om fråvik for stigning/fall og sikt. Løysinga ein har kome fram til har vore diskutert med Vestland fylkeskommune undervegs i planarbeidet.

Det er stilt rekkefølgjekrav til opparbeidinga av avkøyrsla til fylkesvegen. Fylkeskommunen har undervegs i planarbeidet bedt om at rekkefølgjekravet vert stilt til første trafikkgenererande tiltak. Rekkefølgjekravet er i planforslaget stilt til bruksløyve/ferdigattest for nye tiltak innafør delfelt BN2. I første omgang føreligg det planar om tiltak innafør BN1 (erstatte delar av eksisterande bygningsmasse og etablering av nytt fôrlager). Dette er tiltak som er planlagd for å betre eksisterande drift ved anlegget. Tiltaka vil ikkje føre til ein trafikkauke, og ei vurderer såleis at tiltaka heller ikkje utløyser eit behov for oppgradering av krysset. Planen opnar for at smoltkara innafør BN2 også kan byggast inn. Ein slik utbygging vil utløyse kravet om opparbeiding av krysset. Det er gjeve unntak frå rekkefølgjekravet for søknadspliktige tiltak etter pbl. § 20-4 og tiltak som er unntatt søknadsplikten etter pbl. § 20-5. Dvs. at det krevjast ein utbygging av eit visst omfang før kravet vert utløyst.



Reguleringa av tilkomstvegen Åbakken vidare nedover mot anlegget tar utgangspunkt i eksisterande situasjon. Planen opnar for at vegen kan utbetrast med breiddeutviding i svingen i den øvre delen av vegen, elles vert det ikkje endringar. Ein ynskja i utgangspunktet at planen skulle leggje til rette for utbetring av Åbakken vidare ned til anlegget, slik at dette på sikt kunne gjerast i samsvar med planen dersom ynskjeleg. I samband med oppstart fekk ein tydelege tilbakemeldingar frå naboar om at dette ikkje var ynskjeleg, og vegen vart derfor regulert i samsvar med eksisterande situasjon.

Eksisterande avkøyrslar til bustadane langs tilkomstvegen er vist i plankartet med avkøyrseilspilar. Avkøyrseilspilane er retningsgivande for plassering av avkøyrslane. Dette gjer at bustadeigarane ikkje vert låst til eksisterande løysing for avkøyrslar i framtida.



**Figur 21:** Utklipp frå sporingsanalyse som viser ny vegsituasjon ved avkøyrsla opp mot fylkesvegen.

#### 4.3.2 Anna veggrunn – SVG

Det er regulert areal til anna veggrunn langs vegane i området. Arealet skal ivareta kantvegetasjon og grøfteløysingar langs tilkomstvegen. Formålet omfattar eit grønt sideareal til vegen, skjering, fylling, grøfter m.m. Installasjonar og infrastruktur som er ein naturleg del av veganlegget, samt anna nødvendig infrastruktur i røyr/kabel, kan førast fram innan føremålet.

#### 4.3.3 Parkering – SPA

Gjeldande KPA for Masfjorden sett krav om 1 parkeringsplass per 30 m<sup>2</sup> BRA ved forretning/kontor/service. Føresegna i KPA for parkering til forretning/kontor/service er generell, og når ein regulerer eit eksisterande næringsområdet vert det vurdert som meir hensiktsmessig regulere parkeringsdekninga basert på det faktiske behovet. Anlegget har i dag 13 tilsette. I tillegg er det naudsynt med eit par gjesteparkeringar. Føresegna sett krav om 15

parkeringsplassar. Skiljet mellom parkeringsplassen, vegareal og næringsområdet er i verkelegheita utflytande. Parkering skal løysast innafør felt SPA og BN. SPA er regulering av allereie opparbeidd parkeringsplass.

Oppstillingsplass for avfallscontainerar er i dag lokalisert på parkeringsplassen SPA. Denne lokaliseringa kan vidareførast. Føresegna opnar også for at det kan etablerast avfallshus/overbygg rundt containerane.

#### **4.4 Grønstruktur**

##### **4.4.1 Vegetasjonsskjerm – GV**

GV er regulert vegetasjonsskjerm. Feltet består av eit grøntområde, og regulert føremål er såleis i samsvar med eksisterande situasjon. Føresegna sikrar at området vert vidareført som grøntområde.

Eksisterande røyrgate går gjennom vegetasjonsskjerme. Røyrkata kan vidareførast innafør føremålet.

#### **4.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone**

##### **4.5.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone – V**

Sjøareala som grensar til planområdet, og ikkje nyttast til flytebrygge/kai, er sett av til bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsone. Området er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske.

Innafor føremålet er det ikkje høve til å føre opp flytebrygger eller kaianlegg. Føremålet skal ikkje vere til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett. Brønnbåtar som skal til anlegget kan nytte areala innafør føremålet (V) til å manøvrere og til å leggje til flytekai innafør VHS.

##### **4.5.2 Hamneområde i sjø – VHS**

Brønnbåtar kjem til anlegget for å transportere fisk. For å leggje til rette for ferdsle og oppankring av brønnbåtar, vert delar av sjøareala ved næringsområdet regulert til hamneområde i sjø. Eksisterande flytekai ligg innafør området VHS. Avgrensinga av føremålet tek utgangspunkt i gjeldande IKP for sjø NH, men området er tilpassa eksisterande flytekai, og er noko innsnevra samanlikna med overordna plan.

Innafor området er sett av til hamneområde i sjø har ferdsle og ankring av fartøy prioritet. Det skal ikkje setjast i verk tiltak som er til hinder for skipstrafikk.

#### **4.6 Omsynssoner**

##### **4.6.1 Frisiktsone – H140**

Regulerte frisiktsoner skal sikre frisikt i kryss, avkøyrslar, langs vegar. Det skal innanfor frisiktsoneene vere frisikt i ei høgde på 0,5 meter over tilstøytane vegars plan.

##### **4.6.2 Brann- og eksplosjonsfare – H350**

Det er etablert tankinstallasjon for forsyning av oksygen innafør planområdet. Tankinstallasjonen er lokalisert innafør området som er sett av til næringsbygningar.

Avgrensinga av faresona baserer seg på flyfoto, og tek utgangspunkt i sikkerheitsavstandane som er definert i vedlegg 1 i Norm for tankinstallasjonar kryogen gass. Dagens anlegg med to stk. 15 m<sup>3</sup> gasstankar er lagt til grunn.

Faresona er inkludert som ein presisering av faren, og for å sikre at ny bygg ikkje vert lokalisert for tett på anlegget. Sikkerheitsavstandar til anlegget frå Norm for tankinstallasjonar kryogen gass, vil gjelde uavhengig av reguleringa. For oppbevaring og handtering av brannfarlege gassar og evt. væsker forutsett ein at brann- og eksplosjonsvernloven samt andre relevante lovar og forskrifter vert følgt.

#### **4.7 Renovasjon**

Planen legg ikkje opp til endringar av dagens renovasjonsløyning. Næringsområdet har avfallscontainerar innafor området SPA. Avfall vert henta ein gong i veka.

FORSLAG

## 5 Konsekvensar og verknader av planforslaget

Føremålet med planarbeidet er å regulere eksisterande tiltak, samstundes som ein skal legge til rette for framtidig oppgradering av anlegget. Konsekvensane av planarbeidet vil derfor i stor grad vere avgrensa til dagens situasjon.

### 5.1 Gjeldande og overordna planar

#### 5.1.1 Kommuneplan

Detaljreguleringsplanen er i samsvar med overordna kommuneplan, der planområdet er regulert til næringsføremål. Noko areal som er sett av til LNFR-føremål i overordna plan vert regulert som vegetasjonsskjerm, parkering og vegareal. Parkering og vegareal er allereie opparbeidd, og oppdateringa av regulert arealføremål er såleis i samsvar med gjeldande bruk. Regulering av vegetasjonsskjerm skal sikre ein buffer mellom naboar og næringsanlegget.

Det er gjort ein justering av formålsgrensene mellom sjøareal og næringsareal på land. Byggegrensa mot sjø er også justert. Justeringane er også gjort basert på opparbeidd situasjon.

#### 5.1.2 Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland

Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland (IKP sjø) vart nyleg vedteken. Planen regulerer sjøareal ved næringsområdet til hamneområde i sjø. Ved motstrid gjeld IKP sjø framfor kommuneplanen for Masfjorden. Detaljreguleringa er i samsvar med IKP sjø. Avgrensinga av hamneområde i sjø i planforslaget tek utgangspunkt i IKP sjø, men er noko snevra inn basert på behov.

#### 5.1.3 Reguleringsplan

Området er ikkje regulert gjennom nokon reguleringsplan. Det er eit lite overlapp mellom reguleringsplanen for FV 570 og planforslaget. Nyleg oppgradert fylkesveg er ikkje opparbeidd i samsvar med gjeldande plan. Vegteikningar som er utarbeidd i samband med planforslaget er tilpassa eksisterande situasjon, og ikkje regulert situasjon.


#### 5.1.4 Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Anlegget ligg i sin heilskap innafor 100-metersbeltet langs sjøen, og ein vurdering av planen opp mot statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen er derfor nødvendig.

Føremålet med statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen er å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk og sikre nasjonale og regionale interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Retningslinjene skal bidra til ein geografisk differensiering gjennom planlegging. Retningslinjene er strengast der utbyggingspresset er størst.

Retningslinjene deler landet inn i tre soner med ulike føringar tilpassa utbyggingspress og behovet for vern av dei interessene som skal ivaretakast i strandsona, jf. pbl. § 1-8. Masfjorden kommune er plassert i sone 3, dvs. at områda har mindre press på areala. Byggeforbodet langs 100-metersbeltet gjeld generelt, men i område utan press vil det vere enklare for kommunane å gi løyve for å byggje enn i områder der presset er stort. Dette inneberer at kommunane kan vedta planar som inneberer utbygging til ulike formål også innafor 100-metersbeltet. Kommuneplanen skal leggjast til grunn for eventuell utarbeiding av reguleringsplan.

Dersom kommunen har opna for utbygging og fastsett byggegrens i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, gjeld ikkje plan- og bygningslovas generelle byggeforbod i 100-meterbeltet, jf. pbl § 1-8 tredje ledd. Bygegrensa i KPA Masfjorden følgjer formålsgrensa for næringsområdet. Planforslaget legg opp til ein justering av både formålsgrensa mellom næring og sjø, og av byggegrensa mot sjø. Slik formålsgrensa er sett i KPA, ligg delar av næringsområdet ved etablert bygg med reinseanlegg utanfor formålsgrensa for næring og i strid med byggegrensa mot sjø.



**Figur 22: Utsnitt frå KPA. Bygegrensa (stipla linje) følgjer formålsgrensa ved planområdet. Eksisterande (og godkjende) bygg med reinseanlegg ligg delvis utanfor formålsgrensa for næringsbygningar, og delvis i strid med byggegrensa.**

I planforslaget er formålsgrensa og byggegrensa justert, slik at eksisterande bygg med reinseanlegg i sin heilskap ligg innafor både næringsformålet og byggegrensa. Bygegrensa mot sjø følgjer formålsgrensa også i planforslaget.

Som nemnt innleiingsvis, ligg Masfjorden kommune i sone 3 i dei statlege planretningslinjene. I desse områda kan utbygging berre tillast etter ein konkret vurdering og frå lokale forhold. I område utan press vil det vere enklare for kommunane å gi løyve til å bygge enn i område der presset er stort. Vidare går det fram av retningslinjene at det ikkje bør gjevast løyve til utbygging i område som har spesiell verdi i forbindelse med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturmiljø og landskap.

I denne saka er det berre snakk om ein justering av byggegrensa basert på allereie etablerte tiltak. Reinseanlegget, som er lovleg etablert, ligg delvis utanfor formålsgrensa for næringsområdet og delvis i strid med byggegrensa. Planforslaget legg ikkje opp til nye tiltak som er i strid med gjeldande byggegrense. Sidan justeringa berre omfattar ein tilpassing til eksisterande situasjon, kan ein ikkje sjå at forhold knytt til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap eller andre allmenne interesser vert ytterlegare påverka av endringa.



*Figur 23: Skisse som viser næringsområdet. Skisse utarbeidd av Helgesen Tekniske Bygg AS (HTB).*

## 5.2 Landskap og estetikk

Sidan føremålet med planarbeidet er å regulere eksisterande anlegg, vil konsekvensane for landskap og estetikk i stor grad vere avgrensa til dagens situasjon. Ein har likevel hatt fokus på å sikre gode estetiske kravlitetar for nye tiltak gjennom å stille krav i føresegna.

Ved planlegging av nye tiltak skal det leggast vekt på bruk av varige og miljømessige materialar og fargar. Det skal vere ein samstemt fargebruk innafor området. Det er også stilt krav til at det utarbeidast ein arkitektonisk utgreiing i samband med søknad om rammeløyve. Denne skal gjer greie for dei estetiske vala som er tatt ved planlegging av nye bygg.

Dagens anlegg består i dag av fleire bygg, som er delvis bygd saman. Planforslaget legg opp til at to av bygga skal rivast, og erstattast av eit nytt bygg. Dette vil gje anlegget eit meir heilskapleg uttrykk, som vil opplevast som «ryddigare». I tillegg legg planen opp til at to av smoltkara byggast inn. Planen opnar også for at resterande smoltkar kan byggast inn på sikt, noko som vil bidra til å gjere anlegget sitt uttrykk overfor omgjevnaden ryddigare.

Etablering av nytt fôrlager medfører at delar av ein fjellknaus må sprengast vekk. Elles er det ikkje planlagt større terrenginngrep.

Settefiskanlegget ligg i sjøkanten, delvis på ein fylling. Eksisterande fyllingsfront mot sjøen består av sprengstein delvis tildekt av betong. På toppen av fyllingsfronten er det ein betongmur med eit flettverksgjerde på toppen. Planen legg til rette for at det kan etablerast ein ny mur ved eksisterande fyllingsfront. Muren kan etablerast i formålsgrensa mellom BN1/BN2 og V1/VHS. Etablering av ny mur ved fyllingsfronten er eit tiltak som vil ha ein positiv verknad på anlegget sitt estetiske uttrykk mot sjøen. Muren skal utformast med naturstein.

### 5.3 Omsyn til omkringliggende naboar


Ein har undervegs i planarbeidet lagt til rette for tett dialog med naboar i området. I forkant av oppstartsvarselet vart det invitert til eit eige nabomøte for å informere om planarbeidet. I etterkant av at oppstartsvarselet vart sendt ut, stilte forslagsstillar og plankonsulent også opp til eigne møter med naboar som hadde spørsmål til planinitiativet.

Når konsekvensar for naboar skal vurderast, er det vesentleg å legge til grunn kva som er føremålet med planarbeidet. Planen skal regulere dagens anlegg, samstundes som ein legg til rette for ein oppgradering av anlegget, innafor dei rammene som dagens tiltak sett. Planforslaget opnar for eit nytt lagerbygg, samstundes som to av smoltkara skal byggast inn. Resterande smoltkar kan også byggast inn på sikt. Største byggehøgde er basert på eksisterande bygg. Utnyttingsgraden tar også utgangspunkt i eksisterande tiltak, men det vert opna for at alle kar kan byggast inn på sikt. For nye tiltak er det også stilt krav til arkitektur og estetikk, sjå § 3.1 i føreseigna. Mellom anna skal takform og fargebruk tilpassast nærliggande busetnad. Nye bygg skal utformast med saltak, og nye tiltak skal underordne seg høgda til eksisterande bygg. Det er også stilt krav om ein arkitektonisk utgreiing i samband med søknad om rammeløyve.

Planen sette rammer for framtidige tiltak, og ved at området regulerast sikrar ein også at naboar får ein meir føreseieleg situasjon i framtida. Planen sikrar at grøntområda innafor Mowi sin eigedom vert ivareteke som dette gjennom reguleringa av vegetasjonsskjermen.

I samband med varsel om oppstart har fleire naboar kome med merknadar der støyproblematikken er omtala. For å sikre at omsynet til støy i størst mogleg grad vert ivareteke, er det utarbeidd ein ny støyrapport for området. I forkant av utarbeidinga av rapporten, vart det gjort fleire avbøtande tiltak for å sikre betre støyforhold i området. Det var etablert støyskjerm føre UV-anlegget, for å avgrense støyutbreiinga sørover. Det vart også gjort tiltak på toppen av CO<sub>2</sub>-luftare for å redusere støyen frå desse. Støyrapporten viser at ved dagens situasjon overskridast grenseverdien for  $L_{den}$  på laurdagar, søndagar og heilagdag for Austfjordvegen 1146 og Åbakken 31. Etter planlagt utbygging viser berekningane at alle grenseverdiane i utsleppsløyvet tilfredsstillast, med unntak av ved anløp av brønnebåt på kveld, natt, helg og heilagdag.

Ved etablering av lagerbygninga som planen legg opp til, vil naboar nord for anlegget (gbnr. 38/30) få bygga tettare på eigedomsgrensa. Byggegrensa er sett 4 meter frå eigedomsgrensa, og sikrar at nye bygg ikkje kjem for tett på naboar. Stor høgdeskilnad mellom tomtane gjer også at nytt bygg ikkje vil ta utsikt frå tilgrensande naboar. Figur 24 viser korleis næringsområdet vert sjåande ut frå naboeigedomen gbnr. 38/30. Ved å avgrense byggehøgda på nye bygg sikrar ein at tiltaka ikkje tek utsikt frå naboar.



**Figur 24:** Skisse som viser korleis næringsområdet vert sjåande ut frå naboeigedomen gbnr. 38/30. Skisse utarbeidd av Helgesen Tekniske Bygg AS (HTB).

#### 5.4 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innafor planområdet eller i nærområda (Miljødirektoratet, u.d.). Ved fleire av naboeigedomane er det registrert SEFRAK-bygg, og ein finn ein eldre mølle like ved planområdet, ved munninga av vassdraget mellom Sørkvingevatnet og fjorden. Planarbeidet vil ikkje ha nokon direkte verknad på kulturminne eller kulturmiljø, då planen i hovudsak regulerer eksisterande tiltak, samstundes som ein legg til rette for oppgraderingar av anlegget.

For å sikre at nye tiltak ikkje har ein skjemmande effekt på nærområdet, inkludert kulturminne i nærområdet, er det stilt estetiske krav til nye tiltak i føresegna.

#### 5.5 Naturmangfald og vurdering etter naturmangfaldlovas §§ 8-12

Naturmangfald er i naturmangfaldslova (nml) §3 bokstav i) definert slik: «naturmangfold: biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning».

Vurderinga opp mot nml. §§ 8-12 omhandlar konsekvensar knytt til reguleringsplanen. Det er tidlegare gjort eigne vurderingar av utslepp i luft og sjø, og vassuttaket frå Sørkvingevatnet til anlegget sine verknader for naturmangfald – sjå gjeldande utsleppsløyve etter forureiningslova og vassdragskonsesjon med tilhøyrande vedlegg.

##### 5.5.1 Vurdering etter § 8 – kunnskapsgrunnlaget

Det er gjort søk i ulike databasar, for eksempel miljødirektoratets eige naturbasekart, Artsdatabanken sitt artskart, og NIBIO sine kart i Kilden. Rapportar utarbeidd av Rådgivende Biologer AS i samband med tidlegare arbeid for anlegget er også nytta som kjelde. Rådgivende Biologer har mellom anna utarbeidd dokumentasjonsvedlegg i samband med søknad om utvida utsleppsløyve i 2014 (Tveranger, 2013). Denne rapporten inkluderer også ein enkel konsekvensutgreiing av utsleppa opp mot nml. §§4-12. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som



tilfredsstillande. Rådgivende Biologer har også utarbeidd ein konsekvensutgreiing i samband med innsendt søknad om utviding av produksjonen i anlegget (Tveranger & Johnsen, 2024).

Næringsområdet er kartlagt som bebygd i NIBIO sine kart over arealtypar (NIBIO, u.d.). Det er ikkje kartlagt naturtypar innafor eller i nærleiken av planområdet. Det er heller ikkje registrert artar av nasjonal forvaltningsinteresse innafor planområdet. Nærmaste registrering av truga artar er i sjøen vest for planområdet, der det er observert tjeld (nær truga, NT) og gråmåke (sårbar, VU). Det er også registrert ein type alge i sjøen, *Ceramium deslongchampsii*, som også er nær truga. Nord for planområdet er det registrert ein observasjon av nordflaggermus og ein type veps, *labolips innupta*, som begge også er nær truga (Miljødirektoratet, u.d.).

Det er også registrert nokon framande artar i og ved planområdet. Innafor planområdet er det registrert kvitdodre (SE – svært høg risiko) og byreseda (LO – låg risiko). Ved avkøyrse ved fylkesvegen er det registrert gyvel (SE) og duskamarant (NK – ingen kjend risiko) (Artsdatabanken, u.d.). Registreringane av kvitdodre, byreseda og duskamarant er svært gamle (1933 og 1959), og det er ikkje gjort undersøkingar for å bekrefte eller avkrefte om artane framleis er i området.

#### 5.5.2 Vurdering etter § 9 – føre-var-prinsippet

Føremålet med planarbeidet er å regulere eksisterande tiltak. Konsekvensar knytt til vassuttak og utslepp er grundig vurdert i samband med konsesjonssøknadar. På bakgrunn av dette vurderer ein at det føreligg tilstrekkeleg med kunnskap om området for å kunne ta ein heilskapleg vurdering av naturmangfaldet. Føre-var-prinsippet vert derfor ikkje gjeldande i denne saka.

#### 5.5.3 Vurdering etter § 10 – økosystemtilnærming og samla belastning

Anlegget si samla belastning på forholda i Austfjorden er vurdert som akseptabel i vurderinga som er gjort i tilknytning til utsleppsløyvet. NVE har også gjort ein vurdering av belastninga på økosystemet i området som følgje av vassuttak frå Sørkvingevatnet. Dei konkluderer med at vassuttaket ikkje vil føre til negative endringar av økosystemet i vassdraget over tid, når det fastsettast vilkår for uttaket. I konsesjonen er det sett vilkår om både minstevassføring og maksimalt vassuttak.

Reguleringsplanen legg ikkje opp til nye tiltak som ein kan sjå at har nokon verknad på økosystema og den samla belastninga for desse.

#### 5.5.4 Vurdering etter § 11 – kostnader ved miljøforringelse skal takast av tiltakshavar

Tiltakshavar er klar over at iht. §11 skal kostnadar knytt til å hindra eller avgrensa skader på naturmangfaldet som tiltaket utgjer dekkast av tiltakshavar dersom dette ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter.

#### 5.5.5 Vurdering etter § 12 – miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Utsleppsløyve regulerer utslepp til luft og sjø. Det er krav om partikkelreinsing av avlaup og gjennomføring av resipientgransking. Slam frå reinseanlegget skal leverast til godkjend mottak. Det føreligg også konsesjon etter vannressursloven som regulerer uttak av vassmassar frå Sørkvingevatnet.

### **5.6 Rekreasjon, friluftsliv og folkehelse**

Planområdet omfattar eit eksisterande næringsområde, og arealet vert såleis ikkje nytta som rekreasjonsområde eller friluftsområde. Det er ikkje registrerte friluftsområde innafor planområdet.

Nærområda rundt planområdet nyttast av bebuarar frå området som rekreasjonsområde, for til dømes turgåing, fiske, bading m.m. Næringsområdet vil til ein viss grad ha ein negativ effekt på nærliggande område som rekreasjonsområde. Ein vurderer likevel at planforslaget ikkje vil påverke tilhøva knytt til rekreasjon, friluftsliv og folkehelse ytterlegare enn kva eksisterande næringsområde gjer.

### **5.7 Barn og unge sine interesser**

Planarbeidet legg ikkje beslag på areal som i dag nyttast av barn og unge til lek og opphald, og vil såleis ikkje påverke barn og unge sine interesser.

### **5.8 Sosial infrastruktur**

Planen regulerer eksisterande næringsområde, og vil såleis ikkje føre til endringar for sosial infrastruktur i området. Tilrettelegging for næring vil generelt vere positivt, då ein samstundes legg til rette for arbeidsplassar i området. Ein reknar med at tilkomst til anlegget i hovudsak vil vere bilbasert, og det er derfor ikkje truleg at planarbeidet vil ha nokon stor effekt på kollektivtransporten. Når det gjeld servicetilbod som butikkar og liknande i området, kan ein rekne med at anlegget bidrar med ein liten andel kundar, noko som i seg sjølv er positivt.

### **5.9 Trafikktilhøve**

Planforslaget legg opp til ein omlegging av kryssområdet mellom kommunal veg, privat veg og fylkesvegen. Utover dette legg ikkje reguleringsplanen opp til endringar av eksisterande vegar. Planen legg ikkje opp til ein auke i trafikk samanlikna med dagens situasjon, og planframlegget reknast derfor ikkje å ha nokon nemneverdige konsekvensar for trafikktilhøva.

Det er stilt rekkefølgekrav til utbetringa av avkøyrsla frå tilkomstvegen mot fylkesvegen. Opparbeidinga av kryssområdet etter planen vil skape ein meir oversiktleg trafikksituasjon. Ein ynskja i utgangspunktet å legge til rette for ein utbetring av tilkomstvegen Åbakken vidare ned mot planområdet, men fekk i samband med oppstartsvarselet tydeleg tilbakemelding frå naboar om at det ikkje var ynskjeleg med endringar over deira eigedomar. Planen legg derfor berre opp til en oppgradering av den øvste delen av vegen Åbakken, elles vert vegen regulert i samsvar med eksisterande situasjon.

### **5.10 Vassforsyning og avlaup**

Som omtala innleiingsvis er anlegget avhengig av vasstilførsel frå Sørkvingevatnet. Avlaupsvatn vert slept ut i sjø etter reinsing. Både vasstilførsel og utslepp av avlaupsvatn er regulert gjennom innvilga konsesjonar, og drifta ved anlegget må halde seg innafor dei miljømessige vilkåra og standardane som er sett i utsleppsløyvet og vassdragskonsesjonen.

Reguleringsplanen legg ikkje opp til endringar av vassforsyning til området, eller ordningar for avlaup. På bakgrunn av dette har ein ikkje sett behov for å utarbeide ein VA-rammeplan i samband med planarbeidet. I oppstartsmøtet gav også Masfjorden kommune tilbakemelding om at det ikkje var nødvendig å utarbeide ein VA-rammeplan for denne reguleringsplanen. For nye tiltak vil løysingar for vasstilførsel, avlaup og overvasshandtering vere aktuelt i samband med detaljprosjektering og byggesøknad.

### **5.11 Miljø og klima**

Det føreligg utsleppsløyve etter forureiningslova for anlegget. Anlegget har løyve til utslepp i til luft og sjø for produksjon av sjøklar settefisk av laks og aure med maksimalt årleg fôrforbruk på 830 tonn og maksimal samla biomasse på inntil 670 tonn. Det er sett krav om partikkelreinsing av avlaup og gjennomføring av resipientgransking. Slam frå reinseanlegget skal leverast til godkjend mottak og det skal handsamast slik at det ikkje genererer luktpproblem for naboar. Parallelt med planarbeidet har Mowi sendt inn søknad om utviding av produksjonen ved anlegget. Søknaden skal handsamast etter mellom anna forureiningslova, og er uavhengig av planprosessen.

### **5.12 Universell utforming**

Planforslaget regulerer eksisterande situasjon, der omsynet til universell utforming i liten grad er ivareteke.

Krav om universell utforming er nedfelt i plan- og bygningsloven og teknisk forskrift. Ved søknad om etablering av nye bygg i samsvar med reguleringsplanen skal gjeldande krav frå TEK17 leggest til grunn. Arbeidsbygningar skal vere universelt utforma slik det følgjer av føresegna i forskrifta, med mindre byggverket eller deler av byggverket etter sin funksjon er ueigna for personar med funksjonsnedsetting. I samband med byggesøknad vil det vere relevant å vurdere i kva grad driftsbygningar for settefiskanlegget er omfatta av krava til universell utforming.

### **5.13 Risiko og sårbarheit**

Det er gjennomført ein ROS-analyse i samband med planarbeidet. ROS-analysen følgjer som vedlegg til planen. I analysen er det gjort vurderingar i høve til naturbasert sårbarheit, sårbarheit knytt til verksemd og sårbarheit knytt til infrastruktur.

Gjennom analysen vart 2 hendingar/tilhøve vurdert som aktuelle for vurdering av risiko og sårbarheit: springflod/stormflod og støy (frå verksemd). Det er foreslått avbøtande tiltak for å sikre at risikoen vert akseptabel. For tilhøve knytt til støy er det som tidlegare omtala utarbeidd ein støyrapport, som viser at forholda vert betra etter planlagd utbygging.

For meir informasjon viser ein til ROS-analysen som følgjer som vedlegg til planen.

## **6 Avsluttande kommentar**

Planen er i samsvar med overordna plan, der området ser sett av til næringsbygningar. Området har vore nytta til settefiskanlegg sidan 1980-talet, men det føreligg ikkje nokon reguleringsplan for området per no. Reguleringsplanen regulerer eksisterande situasjon, samstundes som ein legg til rette for framtidig utvikling innafor planområdet. Dagens situasjon

sett rammene for framtidig utvikling. Reguleringsplanen vil føre til ein meir føreseieleg situasjon for både forslagsstillar og naboar, noko som i seg sjølv er positivt.

Masfjorden kommune har eit mål om å ha eit næringsliv i vekst og utvikling. For å nå dette målet må det leggjast til rette for at næringslivet skal kunne utvikla seg. Anlegget på Kvingo bidrar til lokalsamfunnet i Masfjorden ved å generere lokal verdiskaping og arbeidsplassar.

Ein har undervegs i planprosessen hatt fokus på å ha ein open dialog med naboar og berørte partar. Innspel frå naboar er forsøkt ivareteke i den grad det er praktisk. Ein har forsøkt å minimere dei negative verknadane for naboar gjennom reguleringa. Nye tiltak skal ikkje verte høgare enn dagens, for å ivareta sikt mot sjøen for naboar. Det er sett estetiske krav til nye bygg. Støyproblematikk har vore trekt fram av naboar i fleire merknader. Det er utarbeidd ein støyrapport for framtidig situasjon, for å avklare behov for eventuelle tiltak. Rapporten konkluderer med at støyen vert betra etter planlagd utbygging. Parallelt med planprosessen har Mowi også iverksett fleire støyreducerande tiltak. Samla sett ser ein at planen medfører fleire positive verknader for naboane.

## 7 Referansar

Fiskeridirektoratet, u.d. *Yggdrasil*. [Internett].

Kartverket, 2023. *Resultater for Kvingo (Masfjorden)*. [Internett]

Available at: <https://www.kartverket.no/til-sjos/se-havniva/resultat?id=631165&location=Masfjordnes>

NGU, u.d. *Løsmasser - Nasjonal løsmassedatabase*. [Internett]

Available at: [http://geo.ngu.no/kart/losmasse\\_mobil/](http://geo.ngu.no/kart/losmasse_mobil/)

NGU, u.d. *Radon aktsomhet*. [Internett]

Available at: [http://geo.ngu.no/kart/radon\\_mobil/](http://geo.ngu.no/kart/radon_mobil/)

NVE, u.d. *NVE Atlas*. [Internett]

Available at: [atlas.nve.no](https://atlas.nve.no)

Tveranger, B., 2013. *Dokumentasjonsvedlegg til søknad om utvidelse av utslippstillatelsen ved Marine Harvest Norway AS avd. Kvingo (reg. nr. H/MF 0005), med konsekvensutredning*, Bergen: Rådgivende Biologer AS.

Tveranger, B. & Johnsen, G. H., 2024. *Dokumentasjonsvedlegg til søknad om utvidelse ved Mowi ASA avd. Kvingo (reg. nr. H/MF0005), med konsekvensutredning*, Bergen: Rådgivende Biologer AS.

Vann-Nett, u.d. *Vann-nett*. [Internett]

Available at: <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/0261040300-2-C>